

BOMULDSFABRIKEN KUNSTHAL

Udstilling: PRESENT
Gunilla Maria Åkesson / Nina Malterud / John Skogness /
Sidsel Hanum / Takeshi Yasuda

Produsent: Bomuldsfabriken Kunsthall. Kurator: Harald Solberg. Tekst: Anne Britt Ylvisåker.
Foto: forsiden Agderposten. Andre foto: copyright kunstnerne.

Dagens keramikk har for lengst vunnet innpass i kunstverdenen og blitt anerkjent på linje med andre kunsformer. I 1998 presenterte vi den første utstillingen med tittelen PRESENT. Dette var en ren keramikkutstilling og ble starten på en serie utstillinger med fokus på kunsthåndverk og da spesielt keramikk. Nå skriver vi 2020 og byr på den fjerde utstillingen i serien. Denne gang med fem keramikere som er ledende innen sitt fagområde; Gunilla Maria Åkesson, Nina Malterud, John Skogness, Sidsel Hanum og Takeshi Yasuda. Felles for alle er at de arbeider med tydelige referanser til funksjon. Samtidig beveger de seg langt i sin personlige måte å angripe materialet leire på. Tittelen PRESENT handler om å være tilstede i øyeblikket. Å fange det forbigående og flytende i skjæringspunktet mellom da og snart innebefatter i praksis en grunnleggende utfordring. Et annet fellestrek er en langsom kreativ prosess der materialet inspirerer til nye muligheter og valg underveis. Alle jobber i serier i en meditativ prosess som er både spontan og samtidig kontrollert.

Gunilla Maria Åkesson (f. 1963, Älghult, Sverige) bygger og modellerer former for hand. Hun jobber ofte med serier av samme form. Dette er grunnleggende former som f.eks. sylinderen; en form alle kjenner og har et forhold til.

Nina Malterud (f. 1951) bor og arbeider i Bergen. Malterud sine arbeider innleder ofte til samtaler om hva funksjon er. De har tydelige referanser til funksjonelle gjenstander men har iboende kvaliteter som dekker helt andre behov enn bare funksjon. Gjenstanden er kraftsentre av energi frembrakt av kontrasten mellom det kontrollerte og det spontane; glasur og dekor.

Sidsel Hanum (f. 1955) bor og arbeider på Borøya, Tvedstrand. Hanum har i flere år forsket på leira muligheter og begrensninger gjennom en teknikk der hun bygger skulpturelle gjenstander ved hjelp av flytende innfarget porselein. Hun bygger lag på lag og henter inspirasjon fra naturen.

Takeshi Yasuda (f. 1943) bor og arbeider i Jingdezhen, Kina. Yasuda er en mester innen faget, han er verdenskjent og en av de mest respekterte keramikere i dag. Med utgangspunkt i japansk tradisjon har han utviklet et særegent formspråk i porselein.

John Skogness (f. 1953) bor og arbeider på Fjone, Telemark. Skogness viderefører en lang, krevende og stolt tradisjon innen keramikken. Han dreier former som han vedfyrer i en stor utendørs keramikkovn. Leira formas med hendene og løftes videre av flammenes varme opp til 1300 grader før det kjøles og åpenbarer seg som store krukke og teboller. Dette møtet mellom flammer og de forskjellige leiretypene kombinert med alt det uforutsigbare som skjer inni ovnen under en brenning, gir de vareste fargenyanser uten bruk av glasur. Det krever en årelang erfaring å mestre dette.


To be present and present a present

Ein god utstillingstittel kan fungere som ei fin rettsesnor i møtet med ny kunst. Aller best er tilane når dei er små nok til å skjære blikket, men breie nok til å opne opp og invitere til fleire assosiasjonsrekker. Present er for meg ein slik tittel.

Det latinske/engelske omgrepet har også snike seg inn i det norske språket, og går inn som ein del av daglegtalen vår både som verb og adverb, substantiv og adjektiv. Omgrepet har mange tydingar, og kan vise til både tid og stad, om det å introdusere, lansere og gjøre kjent, men også om det å avdekke, overrekke, tildele eller



Gunilla Maria Åkesson



Sidsel Hanum

rett og slett vere det som blir gjeve – altså presangen sjølv. Og det kan skildre både fysiske og mentale tilstandar.

Harald Solberg var ganske nyttilset som leiar ved Bomuldsfabriken, då han i 1998 lanserte den første av ein serie kunsthåndverksutstillingar som alle skulle gå under overskrifta Present. Det er lett å lese tittelvalet den gongen som eit ønskje om å formidle det som føregjekk på eit fagfelt som akkurat der og då var både i sterkt medvind og ikkje minst i stor endring; det vil seie å plassere Bomuldsfabriken midt i sentrum av hendingane og få fram det som skjedde då det skjedde.

Den første utgåva av Present var på den eine siden ei rein keramikkmønstring, og tok slik sett føre seg berre ein del av fagområdet kunsthåndverk. På den andre siden understreka utvalet av kunstnarar og verk det store spennet som akkurat på denne tida byrja å vise seg for alvor på keramikkfeltet: Av gruppa på fjorten kunstnarar, var om lag halvparten vel etablerte keramikkarar som i fleire tiår på kvar sine måtar hadde utforma sjølv materialet leire, samt eksperimentert med glasurar og brenning, som til dømes Torbjørn Kvasbø, Béth Wyller og Svein Narum. Resten av kunstnarane, derimot, arbeide meir grenseoverskriddande mot andre fagfelt: Nokre nærma seg biletkunsten eller var sjølve biletkunstarar, og brukte tredimensjonale keramikkobjekt som bakgrunn for teikning, måleri eller dekorat (skyebleilete), som til dømes Nils Martin Erichsen, Lippa Dalén og Kjell Nupen. Andre retta fokuset meir mot industri-, design-, skulptur- eller arkitekturfeltet, som Irene Nordli, Tina Jonsbu og kunstnardozen SLIPP. Mange av desse var heilt nyttandana, og tok no det første steget inn i kunstnarkarrieren sin. Ein fyldig katalog understreka ytterlegare kor godt keramikkfeltet kan femme både i storleik, form, tid og rom, samt at keramikk har blitt brukt på mangfoldige måtar gjennom fleirfaldige hundreår. Fagfeltet er tufta på ei svært lang og rik historie.

I dag, 22 år seinare, kjem den fjerde og siste utgåva av Present, som skulle vere avskjedsutstillinga til Solberg på det som no heiter Bomuldsfabriken Kunsthall. Også dette er ei rein keramikkutstilling. Også denne gongen håndlar Present om å vere der det skjer når det skjer. Men der stoppar fellestrekka. Dette er ei heilt anna type utstilling. Det er som om Solberg ønsker å samle trådane frå første utgåva. Blikket skal ikkje lenger vendast utover så langt som råd. Snarare innover mot seg sjølv; inn i keramikken; inn i leira; inn i keramikaren. Framfor å aktivt utfordre eller viske ut faggrensene, arbeide med hybrid kunst eller over i det utvida kunstfeltet, er det no snakk om å vere mentalt til stades der ein er. Det handlar om fokus, fordjuping, konsentrasjon og nærvær. Det handlar om å halde seg i

dreieskiva. Det er som om ein augneblink midt i dreieprosessen har gått i frys. I dei nye arbeida har han gått eit skritt lenger, og kombinerer det å dreie vått med det å slenge på det ferdigdreiota, men framleis våte objektet. Slik vil leira bli slyngt til ujamne bølgjer langs kanten av kara hans. Repetisjonen i det å utforme skjerven nesten ei meditativ handling der ho går i eitt med leira. Slik prøver ho sakte å få kontakt med og oppleve det ho kjenner er til stades i forma, og som ho ønskjer å få fram og forsterke i prosessen vidare.

Også svenske Gunilla Maria Åkesson, som var student under Solberg då han underviste på skulen i Bergen på 1980-talet, arbeider på grensa til det umogelige, men ho dreier ikkje. I staden brukar ho den urgammle pølseteknikken til å arbeide opp skåltyne veggjar til ein høg, klassisk sylinder. Først legg ho eit flak i ei form med svakt konkav botn, før ho festar rad på rad med tunne pøselengder som ho først stryk ut før ho forsiktig dreier på kavaletten med den eine handa, og formar veggane med fingrane på den andre. Etter nokre få rader blir veggane for ustabile til å halde fram, og leira må terke litt før den toler å få bygd på nokre rader til. Dette er ein av grunnane til at Åkesson arbeider i seriar med fleire sylinderar i gongen. Sidan dei er på ulike stadium i turkeprosessen, kan ho flytte seg frå det eit arbeidet til det andre, alt etter som dei er klare for neste runde. Teknikken er langsam, og for Åkesson er den monotone

Medan Åkesson arbeider med behaldaren som eit skall, og det tynne skiljet



Takeshi Yasuda

verke saman i brenning etter brenning. Arbeida hennar er både skjøre og røffe, poetiske, mjuk og sterke på same tid, og mange gjev assosiasjonar til natur, det vere seg iakredis, planetar, morgonsol eller verdsrommet. Ein tittel som Værkart trekker tankane mot alle desse små skiftingane ein kan få auge på om ein berre ser etter, som ein parallel til målaren J. C. Dahl sine sky-studiør. Ein annan serie kallar Malterud for Hud. Krympeglasur har snurpa seg saman her, krakeler i der, og kan kanskje minne om hud som har fått sine rynger og arr og spor etter levd liv. Også Malterud har snevra inn arbeidsfeltet for å kunne konsentrere seg og komme djupare inn i arbeidet, der ho med eit avgrensing sett av variablar, kan sleppa seg laus og eksperimentere på ein stad på grensa av kontroll.

Begining har vore brukt til dekor over heile verda i uminnelege tider. Den kan målast på ein fuktig leirkjær, ein kan risse gjennom den for å hente fram fargen på skjermen under, eller ein kan teikne mønster ved hjelp av horning, der den flytande massen blir sprøyta på skjermen som krem på ei kake. Sidsel Hanum har funne fram til sin egen måte å bruke horning på. Ho hoppar over skjermen, går rett på sprøytinga, og teiknar dei same millimeterstrekene om att og om at lag på lag, nesten som meditasjon.

Utgangspunktet er eit slags organisk nettverk, og med ei konkav form i botnen, og med naturen som inspirasjonskjelde, byggjer ho sakte opp høge cellestrukturar som kan minne om naturen sine eigne former, som skjell, korall, vepsebol eller trefibra studert gjennom mikroskop. Lyset siv gjennom dei perforede veggane, og gjer verka nesten vektlause, samstundes som det oppstår vakkre skuggespel som leiker med formene. Medan dei første arbeida hennar i denne teknikken var opnare, forholdsvis todimensjonale og hadde tydelige skålform, er nokre av dei seinare arbeida hennar meir skulpturelle, med ganske høge, uregelrette, tette veggjar som fort kan leie tankane mot forvitira steinformasjonar. Hanum glattar ikkje ut rillene i arbeidet, som Åkesson gjer med pølsene i sylinderveggane sine, men lét rillene stå som örningar i verka. Ho brukar i all hov-

udsak innfarga porseleinleire, som gradvis kan endre farge opp gjennom laga eller utover i forma. På same vis som Åkesson og Malterud held Hanum seg innanfor eit ganske smalt repertoar, noko som gjer at også ho kan fokusere på å strekke arbeidet sitt lenger og lenger, ørsmå skritt om gongen, og dra teknikk og materiale mot grensa til det mogelege.

Den siste keramikaren, John Skogness, brukar korkje innfarga leire eller glasurar på objekta sine. I staden lét han flammane i den vedytre omnen sin prege overflatene. Alt etter kva type leire han brukar, korleis han stablar omen, og korleis flammane leikar og oska fell over arbeida, vil det oppstå ulike fargenyansar på overflata. Skognes gjekk på Bergens kunsthåndverkskole om lag samstundes med Solberg, og vart tidleg introdusert for det å brenne keramikk i utandørs vedomnar. Dette er ein svært gammal brenningsmåte som Skognes trufast har halde seg til sidan, og som han etter kvart meistrar sverent. Han arbeider også med utgangspunkt i urgammle keramikkformer som urna, tekanna og tebollen, men i motsetnad til dei skjøre og sarte verka til dei andre utstillerane, er verka til Skognes gjerne tyngre og kraftigare i godset. Men det vil ikkje seie at dei ikkje er like taktile og sanselige. Dei stillferdige arbeida hans ropar kanskje ikkje på deg, men stoppar du opp og tek deg til til verkeleg å sjå, vil du oppdage eit vell av nyansar, som saman med vekslingsa mellom blankt og matt gjev ein stor variasjonsrikdom i flata. Skognes plasserer seg i ein lang handverkstradisjon med verka sine, og det er ikkje vanskeleg å tenkje Austens keramikk som inspirasjonskjelde.

Det er fem ulike, men veletablerte keramikkar som rundar av serien Present på Bomuldsfabriken Kunsthall i 2020. Mykje skil dei frå kvarandre, men nokre ting har dei felles: Dei har mot og vilje til å halde seg i sentrum av fagset sitt, og dei har trott til å undersøker kor langt dei kan komme med utgangspunkt i enkle kvardagsobjekt og avgrensa verkemiddel, berre dei sjølv er til stades i prosessen. Det er ei kontemplativt ro over avskjedsutstillinga til Harald Solberg. Ein presang til ettertanke frå ein som ikkje lenger er present.



John Skogness

mellan det som er inni og det som er utanfor, har Nina Malterud dei seinare åra halde seg til mindre fat og flate skåler. Også Malterud arbeider i seriar, med utgangspunkt i former som rektangel, kvadrat, sirklar eller ovalar. Desse heilt enkle grunnformene utformar ho ganske røft, men tynt, noko som gjer at sirkelen kanskje ikkje får ei heilt perfekt tyre form, flaka kan bulke seg i overflata eller dei kan ha sprekkar i kanten. På eit underlegg vis gjev dei meg kjensle av at kunstnaren berre har funne formene og ikke lagt dei sjølv. Formene ser ut som dei har eksistert alltid, akkurat slik. Medan Malterud arbeide mykje med mønster og dekor på sine tidlegare, ofte større arbeid, er dette tona svært ned i seinare tid. Fata kan gjerne ha ei fane, ein kant eller ei ramme, om ein vil, som skil seg frå resten av flata. Nokre kan jamvel ha svake striper eller rutemønster. Men ho jaktar først og fremst på det som oppsår når lag på lag med glasurar og beginningar – som er ei flytande leire påført medan leirkjærverna framleis er fuktig, og som gjev ulike fargar ved å tilsette metall-oksider eller fargestoff – får

BOMULDSFABRIKEN KUNSTHAL, Odderveien 5, Arendal, tlf.: 37 01 30 60, www.bomuldsfabriken.no Åpent 07.11.2020-07.02.2021 ti-sø kl 12-16, mandag stengt. Stengt i perioden 21.12.2020-04.01.2021. Gratis adgang. Bomuldsfabriken Kunsthall mottar tilskudd fra Kulturdepartementet, Agder fylkeskommune og Arendal kommune.